



Hans Reidar Kjærland igang med tredjeslått på Leite etter heimkomsten frå Dyrskun. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne helga vart den største landbruksmønstringa i landet, Dyrskun i Seljord, avvikla og uskedelingen Hans Reidar Kjærland var i ei nøkkelrolle. Dette året var det 67.000 innom denne imponerende og tradisjonsrike mønstringa

Ikkje berre er Kjærland for tida fungerande leiar i Norsk Simmentalforening og fronta ein stand med ei ammeku som hadde to kalvar. Han var også dommar under utstillinga.

Det siste var ein ny erfaring for ein bonde som i mange år har vore ein entusiastisk pådrivar for større satsing på den allsidige, sveitsiske kurasen. Meir enn halvparten av kyrne hans er no Simmental og NRF kryssa med Simmental.

Av dei rundt 100 kyrne som vart utstilte i Seljord på fredag var 11 Simmental. To av dei – ei frå Sørlandet og ei frå Jæren - vart funne verdige til førstepremie medan dei andre fekk andrepremie. Det var to dommarar på rasen og den andre var Torleif Straume frå Hyen.

- Dyra hadde bra kvalitet, oppsummerar Hans Reidar som uskedalen.no møter i ei ny men ikkje mindre viktig rolle måndag føremiddag: Han er i gang med tredjeslått på Leite, som han også eig, og han gler seg over eit framifrå vekstår.

- Gje oss ein liten statusrapport for Simmental i landet...

- På landsbasis kan vi notera ein god framgang for seminbruk, no er vi oppe i over 5.000 dosar i året. Vi noterer ei positiv utvikling for melkesimmental medan kjøttsimmental har gått noko attende.

På Dyrskun var naturleg nok NRF ein dominerande rase, men også Telemarkskua som har fått ein renessanse

var godt representert. Av utanlandske raser såg ein både Holstein, Brown Swiss og Jersey. Ikke uventa var det ei NRF-ku som vart "Best in show".

Av Ola Matti Mathisen



Simmental-entusiast Hans Reidar Kjærland (til høgre) har her Sørlandsbesøk – for eitpar år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)